

# Innspel til Osterhallen

Ostereidet skulemusikk har i dag 17 musikantar og 2 aspirantar. Dei siste sju åra har korpset jobba seg opp frå 4 musikantar til no 17. Korpset deltar på to konkurransar, har to basar i året, konsertar og er sjølvstøtt ein viktig del av 17. mai feiringa på Eikanger og Ostereidet. Korpset har som mål å vera synleg og jobbar for å skapa eit godt kulturliv i bygda.

Vi har behov for betre øvingslokale og lagerrom til utstyr. I dag kan vi ikkje skaffe oss f.eks. pauke pga. plassmangel. Har i dag ca. 12 kvm. Vi treng ca. 30 kvm. Lageret må ha varme og kunne låsast.

Korpset øver i dag i musikkrommet på ungdomsskulen og må fleire gongar i løpet av året flytta øving til andre lokale pga. arrangement på skulen. Musikkrommet har heller ikkje ventilasjon og dette gjer at musikantane blir slitne.

Det vi ser som utfordringa på Ostereidet er at bygda ikkje har noko naturleg samlingspunkt. Her vil Osterhallen vera positiv i høve til å samla fleire aktivitetar under same tak. Samarbeid mellom laga vert lettare.

Vår aktivitet i korpset vil vera meir synleg når vi blir samla i Osterhallen. Dette tenker vi er positivt med tanke på rekruttering. Viktig å ha eit godt alternativ til idrett – for dei som ikkje finn seg til rette der.

Tribune er viktig for oss med tanke på større konsertarrangement. Den typen som kan pakkes saman mot vegg. Behov er på ca. 300 seter.

Når korpset har basar, seminar eller konsertar er det nødvendig å ha tilgang til eit godt kjøkken. Vi treng ikkje storhusholdningskjøkken, men stort nok til å lage enkel mat. Foajé er viktig for å skape ein sosial møteplass. Vi trenger bord og stoler til arrangement. Viktig at bordene er lette og lett å stable.

## **Dette er dei viktigaste behova for Ostereidet skulemusikk:**

- Betre eigna øvingslokale
- Større lager
- God konsertsal
- Tribune
- Kjøkken – stort nok til å kunne lage arrangement
- Foajé – møteplass for foreldre i øvingstida
- Stoler og bord til arrangement

## **Dette er noko me kunne ønskja for Ostereidet skulemusikk:**

- Kontor - møterom
- Kiosk

Med venleg helsing

Grethe Hansen Stemland  
Leiar – Ostereidet skulemusikk